

Arbeidsmiljøprisen 2019 – grunngjeving

Intervjurundane for å kåre arbeidsmiljøprisen viser at det vert drive svært mykje godt arbeidsmiljøarbeid i vårt fylke. Det er mange som fortener prisen og det har også i år vore skarp konkurranse mellom dei nominerte.

Juryen har likevel landa på ein av dei nominerte som har merka seg ut på ein spesiell måte.

Vinnaren av Arbeidsmiljøprisen 2019 har over fleire år jobba målretta for å utvikle eit godt arbeidsmiljø. Ein har prøvd og feila, men ikkje gitt opp før ein har oppnådd dei ønska resultata. I 2019 har vinnaren 10 års-jubileum med dette arbeidet.

Å bygge ein felles kultur i kommunen der alle skal erfare at ein er på same lag og skal løyse utfordringar i fellesskap, har vore målet. Skal ein få til dette er det ikkje nok at leiinga i kommunen er på banen, dette krev at alle partar er involverte.

Vinnaren tok derfor steget heilt ut og inngjekk eit forpliktande samarbeid mellom politikarar, tillitsvalde og administrasjonen i kommunen. Likeverd vart eit viktig nøkkelord i arbeidet.

Vinnaren har ikkje vore redd for å ta i bruk utradisjonelle arbeidsmetodar for å kome fram til resultat. «VI-seminar» har vore viktig for å opparbeide fellesskapet – det er «VI og ikkje dei».

Budsjettkonferanse ispedd mykje humor har også vore viktige metodar. Mottoet har vore «Viss det ikkje er tid til å tulle litt, då må vi stoppe opp litt». Budsjettkonferansen går over to dagar og involverer alle partane. Dette er ein open prosess der også pressa er invitert til å vere med!

Partssamarbeidet har gradvis utvikla seg til å omfatte stadig fleire område i kommunen. Politikarane uttrykker at dei har ein betre måte å styre kommunen på sidan vedtaka dei skal gjere er godt forankra i dei ulike einingane i kommunen. Einingane utarbeider konsekvensanalysar når politiske vedtak skal fattast, det same gjer organisasjonane, som er tett på dei ulike einingane. Ein har også gitt hovudtillitsvalde taletid i politiske møte.

Samarbeidet er nøye organisert i faste grupper, med tydeleg ansvarsfordeling og planar. Det har utvikla seg ein kultur for samarbeid som har sett seg i organisasjonen og ein kan sei at vinnaren har blitt ein lærande og profesjonell organisasjon. Å kome tidleg inn i prosessane og skape ein felles ståstad har skapt ein heilt ny dynamikk!

Vinnaren ynskjer å vere i stadig utvikling og ser etter nye område der ein kan forbetre arbeid sitt.

Eit nytt mål er å få til brukarinvolvering – ein ynskjer å vere «ein lyttepost ut på bygda».

Vinnaren kan best beskrivast som «Det store VI-et!» eller som dei også har uttrykt det «Velg å vere ein dagleg gledar».

**Arbeidsmiljøprisen 2019 går til
Trepertssamarbeidet, Surnadal kommune.**